



Terje Kvalheim
Stølsmarka 22
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2655 - 23/25922

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2023

Svar på brev om feilfakturering av kommunale avgifter - gbnr 137/426 Alver

Vi viser til e-post datert 25.03.2023 som gjeld kommunale avgifter for bustad i Stølsmarka 22 på gbnr 137/426. E-posten er sendt inn av Maria Færø. Vi kjenner ikkje til kva rolle Færø har i saka og sender derfor svaret til heimelshavar Terje Kvalheim med kopi til Færø.

Det er opplyst i e-posten at bygget vert fakturert med renovasjonsgebyr for 3 bueiningar, at bygget tidlegare har vore registrert med 3 bueiningar, men at det i dag er ein einebustad. Det står vidare at du har fått opplyst at NGIR fakturerer etter opplysningar frå kommunen som ikkje viser faktisk bruk. Det vert bedt om at kommunen føretar synfaring og rettar renovasjonsgebyr og andre kommunale avgifter.

Eigedomen gbnr 137/426 er i matrikkelen, som er det nasjonale eigedomsregisteret, registrert som «enebolig m/hybel/sokkelleilighet» med 3 bueiningar. Det er registrert ei bueining i hovudetasjen og 2 bueiningar i underetasjen. NGIR fakturerer renovasjonsgebyr ut frå tal bueiningar som er registrert i matrikkelen, i dette tilfelle 3 gebyr. Kommunen har registrert 2 kommunale gebyr for vatn og avløp.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at bygget er godkjend oppført som einebustad med ei bueining i 1979. Godkjende teikningar følgjer vedlagt. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om og godkjend fleire bueiningar i bygget på eit seinare tidspunkt. Kortid bygget fekk endra bygningskode, er på dette tidspunkt ukjend.

Det er kommunen si førebelse vurdering at bygningskode kan rettast til bygningskode 111 og einebustad dersom bygget er i bruk som einebustad i dag og teikningar av bygget si planløyning viser at bygget skal registrerast som ei bueining. Før kommunen kan retta bygningsopplysningane i matrikkelen ber vi derfor om at eigar gjer greie for om det er gjort endringar i bygget, anten ved å stadfesta eller endra vedlagte teikning av bygget si planløyning. Teikninga returnerer du til post@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjende teikningar for einebustad 1979

Kopi til:

Maria Færø

Leknesvegen 263

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Terje Kvalheim

Stølsmarka 22

5911

Alversund